

Flotte resultat av Døslandspia

18.12.2007

Det har i seinare tid vore stille på sida vår rundt travhesten Døslandspia som er eigd av ekteparet Hallvard og Gudrun Døsland. Dette betyr ikkje at den gjer det dårleg på travbanen. Tvert i mot. Derimot er den for ein periode flytta til Nord-Norge, og den har i seinare tid gått imponerende gode løp der.

- Av helsemessige årsaker har vi leigd ut hesten for ein periode. Først var den innom Gudbrandsdalen, men etter ein kort periode der gjekk ferda vidare til Bodø, eller nærare bestemt Saltstraumen, fortel eigar Hallvard Døsland.

Meldingane derfrå har vore svært oppløftande. Lørdag 1. desember vann den løp i Bodø, og no sist helg fulgte Døslandspia opp med ein flott tredjeplass under travløpa i Harstad. Hesteeigarane gler seg over dei gode resultatane og ser fram mot komande løp med spenning.

- Leigeperioden er på eitt år, og når den er over, reknar eg med at både Pia og eg er klar for å halda fram på meir heimlege trakter, avsluttar den optimistiske hesteeigaren.

Det som gjer prestasjonane til Døslandspia ekstra imponerende, er at den er fødd og oppfostra på garden på Døsland, og den er trent opp av hesteeigaren sjølv.

Av Thor Inge Døsland